

Presentasjon av trinnet

- Birte Slettebø, Kristian Skåland, Sissel Iren Fatland og Marianne Øvstebø fortset som kontaktlærarar på trinnet.
- Astrid Opstad, Ingun E. Varhaug, Johanne Vedøy, Halvor Elias Nærland, Kris Georgsen, Monica Hegelstad, Dersim, Åse Karin Løge og Anne Marie Skjæveland er med på trinnet.

Kort info om nokre fag

- Gym og symjing
  - I symjing må alle ha badehette, badedrakt eller -bukse (ikkje bikini), handklede og såpe. Ikkje dykkermaske.
  - Enkle klede og sko på seg som lett kan tas av og på sjølv.
  - 4-delingsgruppene har 14 gonger kvar. Gruppe 3 startar.
- Norsk og lesing
  - Me har sett at alle elevane har teke steg i leseutviklinga si og det synes me er utruleg gildt. Har hatt fokus på lesing og vil fortsetje med det.
  - For at elevane skal få utvikle seg vidare og ta nye steg er me avhengige av at de heime hjelper til med å høyre dykker barn i lesing.
  - Me fortset med leselekser som på 2.trinn.
  - Arbeider/les 3 gonger eller 15 min.
  - Brukar Ordriket 3.
- Matematikk
  - Me har fokus på strategiar i addisjon + og subtraksjon -. I tillegg skal me i løpet av året kome innom multiplikasjon \* og divisjon /. Snakk med eleven under rekning og spør etter korleis ho/han tenkte for å kome fram til svaret. Framgangsmåten er viktigare enn sjølve svaret.
- Engelsk
  - Me startar med leselekse i engelsk. Høyr gjennom leksa saman med eleven på Quest listen. Snakk om bilet og overskrifter på engelsk og hjelp eleven med lesinga.
  - Meir engelsk dette året, 1,5 timer i veka

Informasjon om inkluderande skulemiljø

- Vi viste ein sterk film om mobbing: [Film](#)
- Gjekk gjennom regelverk ang mobbing og viste til informasjonsside frå Jærskulen og "mobbeknappen" som ligg på Bø skule si heimeside kor ein kan melde frå om mobbing. Sjå lenker for meir informasjon:

- [Nytt regelverk om mobbing](#)
- [Tryggskule.no](#)
- [Bø skule si heimeside](#)

### Diverse info

- Elevane er blitt eldre og me forventar litt meir av dei. Dei får medansvar for å sjekke kva dei skal leve inn og kva dei skal ta med seg heim. Me er sjølvsagt med og hjelper.
- Vekerplan blir sendt heim på e-post og ligg på Classroom.
- Me har same telefonnummer som i fjar. Dersom ditt barn ikkje kjem på skulen, ynskjer me melding om dette innan kl. 08.15 på denne telefonen. Ved å bruke denne, og ikkje private meldingar, sikrar me at informasjonen kjem til dei som er på arbeid den dagen.
- Logg gjerne inn på VISMA for å sjekke at du ligg inne med rett opplysningar (adresse, telefon og e-post).
- Me kjem til å halde fram med leikegrupper i nokre av friminutta. Då styrer me kven som skal vere i lag, og kven som skal få bestemme kva dei skal leike.
- Når det gjeld selskap, vil me gjerne hjelpe til med å dele ut invitasjonar, men berre til heile kontaktlærargruppen. Ynskjer de å invitere nokre andre utanom, vil me at de leverer ut den invitasjonen på privaten. I c-gruppa har me ein ATO-elev som også ynskjer å bli inkludert. Han heiter Ebisa.
- Me ser at fleire elevar har med seg store pennal i sekken. Dei treng ikkje pennal på skulen, så for å ha ein lettare sekk, kan det ligge att heime.
- Viss ditt barn har ei smartklokke, vil me at den skal vere låst for alle funksjonar, utanom å vise tida, mellom klokka 08.15 og 13.55. Fleire klokker har ein app der du som forelder kan styre dette. Viss det ikkje er mogleg, vil me at klokka ligg att heime.
- Me har behov for øyretelefonar, og set pris på om ditt barn kan ha med seg og ha liggande på skulen.
- Det er lus på trinnet og på skulen. Sjekk ditt barn, og start behandling med ein gong. Me ynskjer at alle sjekkar sitt barn denne helga, slik at me kan vere lusefrie frå måndag av. Hugs å greie nøyne i 14 dagar, og les pakningsvedlegget om korleis du skal behandle på best måte. Meir informasjon på [www.fhi.no/lus](http://www.fhi.no/lus)

### “BliMe”-veke

- I veke 36 skal me ha BliMe veke, årets tema er “Mer enn god nok”.
- Onsdag blir det ein aldersblanda dag saman med heile skulen. Det blir felles lunsj i gymsalen med pølse og potetstappe.
- Fredag skal elevane danse BliMe-dansen i gymsalen i 3.økt.
- Det blir sosial lekse kvar dag denne veka, øv på blime-dansen, spel brettspel.

### Vennegrupper

- Klassekontaktane og vararepresentantane ønskjer at 3.trinn fortset med vennegruppe.
- Set av 1.5 t, ha eit enkelt måltid og ein styrt aktivitet.
- Lærarane lagar eit oppsett.

### Vitengarden og juleavslutning 13. des

Fredag 13. sept og 20. sept: Slynging av honning

Fredag 18. okt og 25. okt: Kornet er i hus

Fredag 22. nov og 29. nov: Kua og fjøset

#### **Fredag 13. des: Jul på den gamle gården**

Fredag 24. jan: Byggeskikk og arkitektur

Fredag 6. mars: Grisen, høna og fjøset

Fredag 17. apr: Hanabergsmarka og bunkersane

Fredag 29. mai: Livet i skog og vatn

Om foreldre har lyst å bli med til Jærmuseet, er de velkomne til det. Gi beskjed på mail eller telefon om du vil bli med. Vi ønskjer ikkje at småsøsken deltek.

13.desember vert det juleavslutning på Jærmuseet og vi ønskjer oss graut på løa denne dagen. Kasta ballen over til foreldrekontaktane ang graut og nisse på løa.

### Chromebook

- Chromebooken blir med heim i helgene og ved lekser. Dei andre dagane er det valfritt om den skal vere med heim eller om den skal vere igjen på skulen.
- Snakk med eleven om det å vere bevisst på at det kan vere ein Chromebook i sekken.

<u>Foreldrekontakte</u>	<u>FAU</u>
Vivian Kvia Sele Arve Friestad Marianne Versland Bjorland  Vara: Ketil Waal Karin Rusdal Risa Cathrine Sirevåg Andreassen	FAU: Anne Bergitte Olufsen Haver  Vara: Anette Pettersen